

Eli Kari Gjengedal (34) har gjeve deg både sorger og gleder som vêrdame i TV2. Men same kor tunge skyer som ligg over landet, stråler alltid Eli Kari som ei sol. Møt ei allsidig og engasjert jente som helst reiser kollektivt!

- Ha ein kjekke dag!

[GEIR ARNE SOLHEIM]

Vi sit på «K-senteret» på Hermansverk i Leikanger kommune ved Sognefjorden. Eli Kari helsar på annankvar person som går forbi. Ho er på heimebane. Her er ingen autograf-jegerar eller reklamebyrå ute etter henne. På Leikanger er ho klassekameraten, søstera, dottera og festkompisen. - Det er kjekt å kome heim av og til, seier Eli Kari, med sitt vanlege smil – sjølve varemerket til TVkjendisen.

Stølsliv i Hyen

Men vent no litt. Frå sognebygda Leikanger? Ho pratar jo som ein vaskekte, innfødd nordfjording! Her må det gravast litt meir.

- Vart fødd i Sogndal og vaks opp på Leikanger, blant 80 000 blømande frukttrær og masse kjekke folk. Då eg vaks opp her gjekk eg ikkje i barnehagen, men var heime og vart påverka av foreldrene mine og søskena mine si dialekt. Så då vart det til at eg heldt på Nordfjord-dialekta, fortel sognejenta.

Hjartet hennar ligg like mykje på Leikanger som i Nordfjord.

- Det er ingen stad som er så flott som Leikanger om våren og sommaren, meiner Eli Kari.

Ho har budd i Bergen sidan 1991, men det er likevel Hyen som er heim nummer to. Foreldrene hennar, Sverre og Kjellaug Gjengedal, er derifrå, og det har ikkje blitt få turar opp til Nordfjord gjennom åra.

- Eg var vel knapt ute av fylket før eg var myndig. Om eg ikkje var på Leikanger, så var det rett opp til garden på Gjengedal. Alle feriar og alle helgar. Tre månader kvar sommar. Må vedgå at eg av og til heldt på å verte sprengd av spaning då venninnene på Leikanger kom attende frå Oslo-feriar og liknande. Det høyrdest utruleg eksotisk ut, tykte eg då. Men det har vore utruleg kjekt å leve stølslivet på Gjengedal. Ville ikkje ha vore det forutan. Reiser opp dit så ofte eg kan. Er glad nokre bønder framleis driv seterdrift der oppe, med dyr og matproduksjon. Familien min slutta med dyr for fleire år sidan.

Best med båt og buss

I Bergen bur Eli Kari saman med målarmeister Kjetil Iversen i Lavik & Rogstad Malerforretning. Den 34 år gamle hjarteknusaren er difor ikkje lenger ledig på marknaden, og det trivst ho med.

Når Eli Kari skal på tur nordover frå Bergen, står korkje bil eller fly høgt i kurs.

- Det har vel gått rykte om ein liten flyskrekk. Det er litt sant, men det er blitt betre. Fekk ein flykaptein til å fortelje meg om korleis flyet fungerer, og kor sikkert det er. Er blitt meir komfortabel med det no. Vanskeleg å kome seg på media-messe i Las Vegas utan å bruke fly! Bil har eg ikkje sansen for. Om eg kan leve eit liv utan eigen bil, vil eg verte svært nøgd. Då kan eg ha eit godt miljøsamvit i Himmelen, smiler Eli Kari.

Når ho er i byen tek ho beina fatt, sykklar eller tek bussen. Skal ho «heimover» er det hurtigbåten og ekspressbussen som gjeld.

- Det er flott å ta både hurtigbåt og buss. Om eg vil raskt heim att, og vêret kanskje er litt grått, tek eg gjerne hurtigbåten. Om det er strålende sol, så vel eg ofte bussen. Det er så mykje flott natur å sjå langs vegen, og det set eg pris på.

Ein skal tidleg krøkjast....

På staden vi sit, «K-senteret» på Hermansverk, har Eli Kari eit nært forhold til. Her jobba ho som ung jente både på det som i dag er daglegvarebutikken Kiwi og på klesbutikken Titt In. Litt lenger utover i Sognefjorden, på Leikanger Fjord Hotell, starta den unge frøken Gjengedal som 13-åring si karriere i restaurantbransjen. Det byrja med tøffe tak i oppvasken på kjøkkenet. Den målmedvitne jenta fann derimot fort ut at det var bak bardisken ho treivst best i denne bransjen.

Og nettopp i baren har ho gjort det godt. I haust starta ho og nokre kompanjongar opp restauranten «Mes Amis» i Bergen sentrum, der Eli Kari av og til er å finne på begge sider av bardisken. Ho er ekspert på miksing av drinkar, og likar å stelle i stand dei mest eksotiske konstallasjonar av sukker, gjær og vatn, blanda med eksotiske frukter og kolsyreholdige leskedrikkar.

I morfars fotspor

Røynslene frå restaurantbransjen har jamvel gjort Eli Kari til forfattar.

- Ja, det var no ikkje heilt planen å verte forfattar. Sat berre ein dag og tenkte på at eg har opplevd så mykje rart opp gjennom åra frå innsida av bardisken. Så byrja

eg å skrive ned ulike historier eg hugsar frå mine 20 år i bransjen. Det vart mykje artig ut av. Det eine førte til det andre. Eg kom i kontakt med Skald Forlag her på Leikanger, og dei tykte dette var ein god bok-idé, fortel forfattar Gjengedal.

Slik oppstod boka «Cocktail - 44 vegar til lett bris». Den skarpe lesar vil vel sjå ei kopling mellom orda «forfattar», «Gjengedal» og «Hyen». Forfattar Knut Gjengedal (1900-1973) frå – ja, nettopp – Hyen, var morfaren til Eli Kari. Han skreiv mellom anna barnebøker, og var vidjeten for sitt levande språk og sitt syn på bygde-Noreg.

Og tru det eller ikkje – sjølv om Eli Kari påstår at ho ikkje har vorte påverka av morfaren til å ta pennen fatt, så er faktisk hennar neste bokprosjekt ei barnebok.

- Årsaka til at det vert bøker er at eg likar å formidle. Ein må alltid ta utgangspunkt i noko ein har røynsle med og greie på. No har eg planar om ei barnebok som tek føre seg vêret slik born ser det. Born har ein heilt spesiell måte å oppfatte vêret på. Dei trur det automatisk er varmt om sola kikkar fram, og dei trur det er lauva som skaper vinden, og ikkje vinden som får lauva til å rasle. Born er svært spontane og fascinerande. Eg er glad i det enkle, til dømes teikneseriar. Kanskje kan eg gjennom ei slik bok formidle kunnskap om vêret på andre premisser enn dei vaksne sine, seier Eli Kari.

Ho veit likevel ikkje om ho kjem i hamn med prosjektet med det første, og vil ikkje ha noko forventingspress på seg.

Betre vêr i framtida

Eli Kari har fullt opp med jobben i TV2. Den som trur ho berre jobbar medan du ser ho på TV-skjermen, tek like feil som dei som trur presten berre jobbar søndag morgon. Det er utruleg mykje spanande som skjer «bak scena» også. Den utdanna aqua-ingeniøren jobbar no med eit svært spanande prosjekt som kan ha mykje å seie for presisjonen på våre framtidige værmeldingar. Ja, om ikkje vêret vert betre, så vert i alle fall meldinga det.

- Vi er i ein situasjon der fyra våre på kysten vert lagt ned og automatiserte eitt etter eitt. Dette gjer at vi får stadig færre bemanna målestasjonar for værmeldinga. Dette vil senke kvaliteten på lokale meldingar, om vi ikkje finn andre måtar å skaffe målingar på. Her er vi no i gang med eit prosjekt som kan skaffe nye målestasjonar, fortel Eli Kari.

Storm Weather Center jobbar med eit prosjekt for å skreddarsy varslingsprodukt for oppdrettsnæringa. Dette er ei næring som ønskjer ei mest mogleg presis, lokal melding. Storm kan levere presise meldingar heilt ned til ein radius på fem kilometer.

- I dette prosjektet jobbar vi tett saman med eit selskap som heiter Aqua Smart, som har det slående slagordet «We Make Your Fish Talk»! I prosjektet ønskjer vi å

få oppdrettarane med på å logge vêret, for å gje meir presise varslingar, forklarar ingeniøren.

Satellittane fortel nemleg ikkje alt om vêret. Lokale bakkedorhold har utruleg mykje å seie for korleis vêret blir på ein stad. Difor er det så viktig å sikre at ikkje alle lokale målestasjonar forsvinn.

- Ein idé kunne vere å utstyre alle bussane og båtane til Fjord1 med værmålingsapparat. Eventuelt kunne sjåførane og kapteinane sørge for avlesing av målestasjonar langs rutene sine. Dei er så presise at vi kunne fått skikkeleg gode målingar, smiler Eli Kari.

Om du har lagt merke til at meldingane på TV2 og på NRK av og til kan variere litt, er det fordi det er rom for ulike tolkingar av vêrprognosane.

- Mange værmeldarar sit med unike kunnskapar om lokale tilhøve, og dei kan ofte gje ei meir presis værmelding for eit bestemt område. Tidlegare brukte både Storm og Meteorologisk Institutt dei same grunndata heile vegen, men no har Storm utvikla sin eigen modell dei kallar MM5, fortel Eli Kari.

Sognejenta er svært glad for at ho kan jobbe i ei så ung og dynamisk verksemd. Verksemda vart starta opp av Siri Kalvig i 1998. Eli Kari kom inn i verksemda to år etter, og det på ein tilfeldig måte.

- Eg sende rundt CV-en min til ei rekkje verksemdar, mellom andre Storm. Hadde tenkt eg kunne få ein jobb innan kvalitetssikring. Fekk likevel tilbod om å jobbe med presentasjon av værmeldinga på TV2. Eg byrja med kursing i 2000, og året etter kom eg på skjermen på «God Morgen, Norge!». Eg var på rett stad til rett tid, smiler Eli Kari.

Ho ser på TV2 som vestlandskanalen, og har mykje godt å seie om både Storm Weather Center og TV2.

- Vi har eit svært godt arbeidsmiljø i ei hektisk og ung atmosfære. Eigentleg har vi som er værmeldarar to yrke. Den eine går på meteorologi, og den andre på media og TV-presentasjon. Det er gøy å ha begge desse felte som yrke, seier Eli Kari.

Kvar er så Eli Kari Gjengedal om 20 år?

- Hmm. Eg har lyst til å starte ein restaurant på eigne premisser. Kan jo ikkje halde fram med vêr-melding heile livet. Likar også å formidle ting, så det kan godt hende at det vert meir skrivning.

Vi skjønner at Eli Kari er ei jente som har mange jarn i elden, og som meistrar mange ting. Avslutningsvis kan vi berre gje Eli Kari dei flotte orda ho plar servere oss sjåarane på sine vaktveker på TV2-vêret:

«Ha ein kjekke dag!»